

VEDTEKTER FOR BALESTRAND KOMMUNE SITT NÆRINGSFOND

Vedteke av kommunestyret 26.4.2012

1. BAKGRUNN

Fondskapitalen er skjønsmidler for næringsfond som er løyvde over statsbudsjettet, og som fylkeskommunen vidareformidlar til kommunane i samsvar med vedtekne kriteria. Regelverket baserar seg på retningsliner gitt av fylkeskommunen og regelverk frå Kommunal- og regionaldepartementet (Kap. 551, post 60 og 61). Tilskot og lån skal bli gitt i samsvar med EØS-regelverket og reglar for bagatellmessig støtte.

Avkastning av fondet er renter av bankinnskot.

2. MÅLSETJING

Fondet kan nyttast til tiltak med føremål å fremje nærings- og samfunnsutvikling gjennom tilrettelegging, støtte til nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande verksemder.

I dette ligg til dømes:

- Kommunalt nærings- og tiltaksarbeid og kunnskapsretta infrastruktur som regionalt samarbeid, etablerarprosessar, samarbeid skule/næringsliv, næringsretta prosjektarbeid og ulike utgreiingar/analyser
- Fysisk infrastruktur og næringsutvikling som planlegging og tilrettelegging av kommunale næringsareal, sentrumsoppusting, infrastruktur for næringsliv.
- Bedriftsutvikling som etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging
- Investering i bedrifter som utstyr/maskiner ved oppstart og utviding av mindre bedrifter.

Tiltak som kan gi arbeidsplassar for kvinner, ungdom og innvandrarak skal prioriterast.

Midlane skal i utgangspunktet ha utløysande effekt. Tilskot skal bidra til at prosjekt som elles ikkje ville blitt gjennomført vert realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet bidreg til å oppretthalde eit tilbod.

Dekking av renter og avdrag på lån og refinansiering av allereie gjennomførde tiltak er ikkje tillete. Det kan heller ikkje gjevast driftstilskot, støtte til reine kommunale oppgåver eller til verksemder som mottek vesentlege overføringar over offentlege budsjett.

Fondsstyret skal vurdere støtte til nyetablering sær s nøyedersom dette kan medføre konkurransevriding mellom bedrifter i kommunen.

3. STØTTEFORMER

Støtte kan givast som tilskot og lån.
Midlane kan ikkje nyttast til aksjeteikning.

4. STØTTEVILKÅR

Tiltak som gjeld kommunalt nærings- og utviklingsarbeid, kunnskapsretta infrastruktur og fysisk infrastruktur kan finansierast fullt ut frå næringsfondet. Slike tiltak bør likevel som hovudregel også ha anna finansiering.

Samla støtte frå næringsfondet til bedriftsutvikling skal ikkje overstiga 50% av tiltaket sitt kapitalbehov.

Bedriftsutviklingstiltak som betrar sysselsettingsvilkåra for kvinner og ungdom kan likevel givast inntil 75% støtte.

Tilskot til investeringar kan utgjere inntil 30 % av kapitalbehovet.

Maksimalt tilskotsbeløp til bedriftsretta tiltak er kr 150.000. Same tiltak kan få støtte i inntil 5 år, då slik at samla støtte er innanfor kr 150.000,-

Lån kan gjevast på følgjande vilkår:

- Rente 1% over innskotsrente på fondskapitalen
- Rentefritak i ein periode kan vurderast i særskilde tilfelle
- Lån vert gjeve som serielån i inntil 15 år
- Lån skal sikrast med pant, primært i fast eigedom. Anna pantetrygd kan også nyttast. Kva som er fullgod trygd, skal vurderast i kvart einskild tilfelle.

Søknader som går på tilrettelegging og etablering av ny næringsverksemd bør prioriterast.

Dei prioriterte satsingsområda i kommune- og næringsplanen skal ligge til grunn for dei lån og tilskot som vert gitt.

5. ARBEIDSDELING VED FINANSIERING

Investerings- og bedriftsutviklingstilskot med samla kapitalbehov under dei fastsette grensene kan givast støtte frå næringsfondet. Slike tiltak med samla kapitalbehov over dei same grensene skal sendast Innovasjon Norge eller fylkeskommunen til vurdering.

Samfinansiering med Innovasjon Norge/fylkeskommunen skal som hovudregel ikkje førekomme.

Kapitalgrensene for dei ulike formåla blir fastsett i det årlege rammetildelingsbrevet frå fylkeskommunen. Desse grensene gjeld ikkje ved lånefinansiering.

6. FORVALTNING AV FONDET

Utval for plan og utvikling er fondsstyre og skal forvalte det kommunale næringsfondet. Rådmannen har mynde til å avslå søknader som klart ligg utanfor fondet sine kriteria og til å løyve tilskot i einskildsaker som medfører støtte inntil kr 15.000,-.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto og slik at midlane er disponible til eikvar tid. Renter skal tilførast fondet.

Budsjett og rekneskap skal vera integrert i kommunen sitt budsjett og rekneskap i tråd med gjeldande forskrifter. Som ein del av den kommunale årsmeldinga skal det lagast ei oppstilling over fondstyret sine disposisjonar. Årsmelding frå fondsstyret skal handsamast av kommunestyret.

7. KLAGE

Vedtak vedrørende lån eller støtte skal reknast som einskildvedtak etter §2 i forvaltningslova og kan påklagast.